



Arkivnr: 2014/12509-6

Saksbehandlar: Inger Marken

## Saksframlegg

### Saksgang

Utvil	Saknr.	Møtedato
Administrasjonsutvalet		17.06.2015
Fylkesutvalet		18.06.2015

### Nytt reglement for "Reiser i Hordaland fylkeskommune"

#### Samandrag

Hausten 2014 vart det oppretta ei partssamansett arbeidsgruppe i Hordaland fylkeskommune som har utarbeidd forslag til nytt reglement, Reiser i Hordaland fylkeskommune. Det nye reglementet inneber ei samanslåing av gjennomføringsdokumentet *Bruk av eigen bil*, retningslinia *Godtgjersle av utgifter på reise* og rutine for *Reiser i HFK*. Reglementet er utarbeidd med formål om å skape felles reglar for tilsette i Hordaland fylkeskommune, og vil ha verknad frå 1. juli 2015.

#### Forslag til vedtak

Fylkesutvalet vedtar nytt reglement, Reiser i Hordaland fylkeskommune, med verknad frå 01.07.2015.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

#### Vedlegg

1 Reiser i Hordaland fylkeskommune

## Fylkesrådmannen, 18.05.2015

I HFK har vi regel i personalreglementet (og i KS sitt avtaleverk) om at vi følgjer staten sine satsar i innanlandsregulativet når det gjelder godtgjering til **skyss og kost**. I tillegg har vi eige reglement med satsar for kost på yrkesreise. Lokalt har vi også eigne reglar i vårt personalreglement som omfattar tid på reise for reiser innanlands. Lokalt har vi ikkje hatt reglar som omfattar utanlandsreiser.

Det nye reglementet inneber ei samanslåing av gjennomføringsdokumentet *Bruk av eigen bil*, retningslina *Godtgjersle av utgifter på reise* og rutine for *Reiser i HFK*. Reglementet er utarbeidd med formål om å skape felles reglar for tilsette i Hordaland fylkeskommune, og vil ha verknad frå 1. juli 2015.

Nytt reglementet tar høgde for endringar i staten sitt reiseregulativ innanlands pr 01012015, og fylkeskommunen sitt tidlegare skilje på tenestereiser og yrkesreiser opphøyrer. Definisjonar i reglementet er stort sett henta frå staten sitt reiseregulativ.

Det er auka sats på godtgjersle av diett, jf staten sitt reiseregulativ.

Forslaget som omhandlar godtgjersle av utgifter og tid på reise utanlands er nytt i lokalt reglement.

Det er innskjerpa praksis i bruk av kostgodtgjersle ved arbeid innan/mellom eigne einingar, og ved deltaking på kurs/konferansar i regi av Hordaland fylkeskommune.

Det er auka sats på bruk av eigen bil, jf KS sitt reiseregulativ, men innslagspunktet for å få utbetalt satsen er auka frå 4000 km årleg til 7000 km årleg. I tillegg er det ei innstramming på refusjon av parkeringsutgifter der plass er leigd av HFK. (Det er presistert at ein ikkje kan få refundert meir enn faktiske utgifter).

Det er foreslått auka sats/saldo på tid på reise innanlands, der tid på reise utanom normalarbeidstid vert godtgjort med 1/1-tid.

Forslaget til nytt reglement vart drøfta med hovudtillitsvalde på info- og drøftingsmøte 13. mai og i fylkesrådmannen si toppleiargruppe 18. mai 2015.